



Lindås kommune

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Adm.enhet: Forvalningsseksjonen i region Vest  
Sakshandsamar: Kari Morvik  
Telefon: 90734161  
Vår referanse: 18/2136  
Dykkar referanse: 17/3693  
Dato: 19.02.2018

## **Uttale til Lindås kommune Hordaland - søknad om dispensasjon for frådeling av areal og etablering av reinseanlegg gnr177 bnr1 bnr4 bnr5 bnr36 bnr51 bnr52**

Vi viser til brev datert 01.02.2018.

### **Våre ansvarsområde**

Fiskeridirektoratet region Vest si interesse i plansaker er å sikre at marint biologisk mangfald og fiskeri- og akvakulturinteressene i området, både noverande og framtidige, blir ivaretakne på ein tilfredsstillande måte. Vi ser det som særleg viktig at det vert teke tilstrekkeleg omsyn til viktige marine ressursområde som til dømes gytefelt. Å oppretthalde det marinbiologiske mangfaldet er naudsynt for å sikre ei framtidig hausting av marine ressursar og det er viktig at tiltakshavar har kunnskap om og tek omsyn til dei marine leve- og oppvekstområda i og ikring det aktuelle området.

### **Føremål og planstatus**

Saka gjeld søknad om dispensasjon for bygging av nytt reinseanlegg av sigevatn. No går vatnet ureinsa ut i Lurefjorden. Det skal plasserast eit sedimenteringsbasseng i strandsona inst i Kjevik i Lurefjorden. Bassenget blir bygd med fylling i sjø. I dag går ureinsa sigevatn i avløpsrøyr ut forbi Kjeviktangen i retning NØ med utslepp på 25m djup. Det vil bli lagt nytt avløpsrør parallelt med dette og begge røyr vil bli nytta til utslepp av rensa sigevatn til same utsleppspunkt.

Søkjær er i tillegg blitt godkjend for mottak av fritidsbåtar for gjenvinning. I samband med mottaket er det søkt om løyve til bygging av båtopptrekk ved eine kanten av fyllinga.

### **Våre innspel**

Oversikt over fiskeri- og akvakulturinteresser samt marint biologisk mangfald i

området finn de på <http://kart.fiskeridir.no>

I samband med kartlegging av marint biologisk mangfald er heile Lurefjorden registrert som eit nasjonalt viktig gytefelt for kysttorsk. I Kråkeosen har vi registrert eit rekefelt, eit gyteområde og fiskeområde etter torsk. Det er usikkert om det går føre seg aktivt fiskeri i desse område pga. mogeleg ureining frå avfallsdeponiet. Etter vårt syn vil tiltaket være positivt i høve til fiskeriinteresser i området.

På bakgrunn av dette har vi ingen merknader til søknaden.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Kari Morvik  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift*

**Mottakarliste:**

Lindås kommune

Felles postmottak 5914 ISDALSTØ  
Kvernhusmyrane 20